

Smestad (gnr. 41)

Smestad er ein av dei gamle sentrale gardar i Fåberg. Namnet blir uttala Smestad, og tydinga av namnet må seiast å vera uviss.

Nå er storgarden Smestad delt i eit øvre og eit nedre Smestad og dessutan kring 50 andre bruksnummer. Gardane ligg i bygdelaget Ål straks nordanfor Lillehammer.

Det første ein finn Smestad omtala i skrivne kjelder er i eit diplom frå 1438. Det fortel om deit rettsmøte på Smedastadhøvd i Ål der mellom andre den høgadelege Lorentz Rantzau og hr. Benkt Harnikson var tilstades. Eit anna diplom frå denne tida er skrivi på Smedstadom i 1462, altså for akkurat 500 år sidan. Det er i dette skinnbrevet det er fortalt at fru Magnhild Oddsdotter førde vtne for at ho hadde fått Smestad i festegave og Tråset i morgongave av mannen sin hr. Benkt Harniktson.

Kring 60 år seinare er namnet på garden i skattemanntaket for Gjengjerden skrivi Smidstad, og brukaren heitte da Jens. I 1560 er det fortalt at Smestad før hadde vore kyrkjegods under Hamarbispnen, men at det da var blitt krongods. I Akershus lensrekneskap for 1610 finn ein namnet for første gong skrivi Smestad, og brukaren pågarden heitte da Erik. Fem år seinare var i 1615 Kristen Eriksen vorte brukar på Smestad. Han fekk da 1. bygsel på 6 huder krongods i Smestad og dessutan bygsel på 1 hud krongods ”udj en ødegard Ekere derunder liggende som far hans, Erik Smestad, for ham oplot”. Her er det og opplyst at dei 6 huder jordegods i Smestad var ”rent fru Gjørvald” d.v.s. av den godssamlinga som hadde fått namn etter henne.

Kristen Eriksen Smestad var brukar på garden også i 1630. Han hadde da klaga på t skylda på garden var szett for høgt, og det var takst og ny skylddeling på Smestad. Av dei opplysningane som da vart gitt, går det fram at forutan Ekre låg i den tid også bruket Kurud og bruket Vardstad (Vargstad?) i Ål og bruket Sveen på Stranda til Smestad.

I 1657 kom det påbod om ein ekstraskatt som vart kalla kvegskatten fordi husdyrtalet på gardane vart lagt til grunn ved utlikninga. Skatten skulle svarast med 8 danske skilling for kvar hest og hoppe, for kvar ku og okse og kvige, og med 1 dansk skillng for kvart småkrøter og kvart svin. Som dette !Kvegmannallet” vart brukt, er det er sers påliteleg historisk kjelde. – Etter skattelista var det da på Smestad 1 hest, 7 hopper, 29 storfe, 27 småfe og 5 griser. Det høge hoppetalet tyder på at hestealnad alt da var ein viktig bolck av husdyrbruket på garden. Ingen annan gard hadde på langt nær så mange hopper. Sogneprest Zacharias Sørensenkom nærast,men han hadde berre 5.

Frå 8 år seinare er Mannkjønnsmanntalet av 1665. Det ligg i namnet kva det skulle brukast til: å skaffe opplysningar om kva som enda fanst av soldatemne, og opplysningane som vart gitt om detteer sikkert berre så som så. Men opplysningane elles er sikkert heilt å lite på. Frå Smestad er det der oppgitt at husbonden Christen Eriksen da var 100 år og blind. Sonen Laurits Christensen var 46 år, tenestguttten Erik Lauritsen var 16 år og husmannen Peder Engebretsen 35 år. Elles var Erik på Kurud 50 år og bror hans, Torbjørn 40 år. Om Smestad er det elles opplyst at garden da var postgard, og at skylda på garden var 6½ hud og på underbruket Kurud 2 huder, tilsaman 8½ hud. Heller ingen einsat detard i Fåberg svara da så høg landskyld. Nærast kom Lysegård og Midt-Jørstad med 5½ hud kvar.

I 1668 kom det nye norske matrikkelverket med fleire interessante opplysningar om gardane. Om Smestad er det der fortalt at den samla landskylda av garden da var 8 huder og at Erik og Torbjørn var blitt brukarar. Eigargar av store Smestad var Christiania skole, som da hadde jordgods i Smestad for 5 huder. Jordgods for 1 huds skyld, visstnok underbruket Ekren, var krongods, og resten, dei 2 huder, var odelsgods som brørne Erik og Torbjørn sjølvte åtte. Om garden og gardsbruket i 1668 erdet elles fortalt at marka var god, og at det var skog nok både til gards bruk og til tømmerkog. Buskapen av store husdyr var da 8 hestar og 30 storfe, og garden hadde seter og sommarbeite til krøtera på Rinden seter. Det går elles fram at

korntienda vart utreidd med $6\frac{3}{4}$ td., som altså svara til ei årsavling på $67\frac{1}{2}$ td. Særskilt skyldsett var dessutan eit "fischerj" under Smestad av $\frac{1}{2}$ hud. Av andre kjelder går det fram at dette var halvparten av skylda for det kjente og ettertrakta varpet ved Korsmesskosten lenger nord i Lågen, Opphavet til det rare namnet var sikkert at det der som Gausa renn ut i Lågen la det seg ofte opp ein lunne av drivtømmer og serleg ved korsmess-tider, som var 3. mai og 14. september. Desse verdfylle fiskevarpa ved Kosten vart elles skadde for lange tider under ein storflom i Gausa og Lågen nettopp i denne tida. Skyldsetting og høg vurdering av eigne fiskevarp fortel elles tydeleg at fiske i Mjøsa og Lågen spelte ei stor rolle i næringsgrunnlaget for folket i bygda i desse eldre tider, truleg galddt det især fiske av lågåsild. Salta kokt lågåsild kunne væra ein dagleg stående rett på bordet heile førjulsvinteren og enda lenger.

Kristen Eriksen Smestad, som før er nemnt, var sikkert både en klok og drivande kar. Noko av det siste han bestemte var at store Smestad skulle delast mellom to av sønene hans, men praktiske grunnar gjorde at dei likevel lenge dreiv samdrift.

Frå 1672 går det fram at det da var brørne Erik og Torbjørn, eller Torben, som han og vart kalla, som da brukte Smestad og framleis mykje i saman. Garden var også da postgard, og det er fortalt at dei førde posten ein 5 fjerdings veg. I denne av gardane var da 4 hestar, 19 sorfe tida hørde det og til Smestad store vollar lodelsbondesom låg i Lågen utanfor Moen, men desse vollana vart for ein stor del utgravne og nedjamna under den store flommen i 1798. Etter atter 14 år er det fortalt at Torbjørn Smestad m. fl. hadde selt Kurud av skyld 6 skind til Ole Evensen som seinare vart gift med Torbjørns enke og vart kalla Ole (eller Oluf) Smestad. Ved skiftet etter Torbjørn Smestad i 1720 er det opplyst at han hadde 4 born. Det var Kristen, Peder, Oluf og Kiesten (Kirsten?)

Tre år seinara kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Om Smestad er det da fortalt at nå var garden tydeleg delt i eit løpenummer 113 og eit løpenummer 114. På løpenr. 113 var da Tord Eriksen vorte brukar, og han åtte sjølv $1\frac{1}{2}$ huds bruk i garden. Resten av skylda som var 2 huder og 9 skinn låg da til Christiania Comminitet. På Smestad løpenr. 114 var i denne tid dom før nemnde Ole Evensen brukar av garden og sjølv eigar $1\frac{1}{2}$ huds skyld. Resten 2 huder og 9 skinn hørde også her til Christiania Comminitet. Om gardane er det vidare opplyst om baa at dei ligg i sollia, at dei er lettbrukte og at jordarten er god. Buskapen på kvar av gardane var da 4 hestar, 19 storfe og 22 småfe. Baa gardane hadde utslåttar og den årlege høiavlinga er oppgitt til 38 lass. Utsæden på kvar av gardane er oppgitt til 7 tdr. bygg og 1 skjepe rug, og det er vidare fortalt at baa gardane hadde kvern, truleg isaman. Kvar av gardane hadde og 1 husmann.

Frå bygsel- til odelsbonde.

I 1732 var Kristen Larsen Reistad, som var gift med Marit Olsdr. Smestad vorte brukar på løpenr. 114 øvre Smestad. Men dei første åra av si brukartid var han framleis bygselsbonde. Først i 1736 fekk han skjøte frå biskop Peder Hersleb på vegne av Comminitetet på "grd. Smedstad i Fåberg sogn skyldende $2\frac{1}{2}$ hud med bygsel for sum 500 rd." Så å seia samtidig fekk også Erik Tordsen på nedre Smestad eigendomsskjøte på sin gard for lik kjøpesum 500 rd. Av skiftet etter faren gamle Tord Eriksen går det elles tydeleg fram at det alt i den tid var velstand på nedre Smestad. Arveboet utgjorde ved skiftet netto 1353 rd., og jordegodset var forutan Smestad av skyld på $2\frac{1}{2}$ hud også fiskevatnet Reinen af eit skinns skyld, dessutan og i Ekren 6 skinn.

Kristen Larsen (Reistad) var framleis brukar på øvre Smestad i 1737. Han lånte da tilsm. 480 rd. av Erik Hov og Halvor Hove mot 4 pct. årleg rente og 1. pr. pant i Smestad med Kurud. Truleg trongs det pengar til kjøpet av garden og kanskje nybygging eller restaurering av husa. Yngste dotter til Kristen heitte Agnete og vart kring 1760 gift med Nils Kristensen (Kirkerud), som i 1761 fekk skjøte på postgarden Smestad og i Stuen skyldende 4 huder med

underliggende Kosten Fiskeri 3 Sind?, og ¼ Part i Reena Fiskevand 1 1/3 fetl?. for sum 1000 rd.” Den nye brukaren var og ein drivande og dyktig kar. Han fekk flytt fleire av husa på garden og ordna med lettare og sikrare vassforsyning. Frå den tid vart det meir og meir slutt på samdrifta mellom dei to gardane.

På det andre Smestad gav i 1770 Erik Tordsen Smestad skjøte til eldste son sin Tord Eriksen på grd. Smestad av skyld 4 huder og Rena Fiskevand ½ skinn for sum 1300 rd. + føderåd til foreldra sine. Av kjøpesummen stod elles 200 rd. rentefritt i garden så lenge føderådet vart svara etter avtale.

Nils Kristensen Smestad brukte garden tili 1782, da han overdrog Smestad til svigerpersonen sin, lensmann Iver Chr. Fliflet mot nominell sum 590 rd. Med i handelen var da forutan Smestad av skyld 4 huder også ¼ i fiskevarpet Kostenav skyld 3 skinn og dessutan ¼ i fiskevatnet Reina av skyld ½ skinn ”med innrendende? Og avrendende bekker av ½ mils distanse omkring samme vand”. Samtidig gav kjøparen føderådskontrakt til svigerforeldra sine.

Den nye eigaren av Smestad, lensmann Iver Fliflet, var født 1755 og vart tilsett som lensmann i Fåberg i 1778. Han kosta mye på nybygging og restaurering av husa på garden, som frå han tid vart ein sers velbygd gard. Av hans eigne opplysningar om dette går det fram at den søre delen av hovedbygningen vart tilbygd i 1781. I 1783 vart det bygt på plassen Ekren. Eldhuset og den søre bygningen er frå 1785, og fjøset og stallen vart bygde i 1787-88. I 1791 vart husa på baa Kurudplassane og på Moen ombygde og restaurert, og i 1798-99 fekk stugubygningen det nye tilbygget. I Iver Fliflets tid vart det og nydyrka mye jord på Smestad, både på Ekren , i Innleggingen og på Lillejordet. Ved eit makeskifte med Tord Eriksen på øvre Smestad i 1790, vart det ordne slik at Smestad nedre fekk heile Kurud, Lilleengen, øvre Rønningen med Bustop og Moen (Moenga). Derimot fekk så øvre Smestad nordre Moen, Haugen, nordre Rønningen, Veitene og Øgarden. Strand og vatn utanfor Moen og Haugen var felles eige. På øvre Smestad brukte Tord Eriksen garden til 1799, da han overlot garden til son sin Erik Tordsen. Med i handelen var da foruten Smestad av skyld 4 huder, ¼ i ”Renaae fiskevand” ½ skinn, til sammen 4 huder 3½ skinn for 2999 rd. 72 s. + føderåd. som i tilfelle odelsinnløysing skulle takserast for 100 rd.

I samband med denne handelen lånte kjøparen mot pant i øvre Smestad av lensmann Iver Fliflet 1000rd., av Kristen Tordsen Smestad 400 rd., av Mari Tordsdr. Smestad 250 rd. og av Tord Eriksen Smestad 199 rd. til sammen 1999 rd.

Etter dette bodde det ved folketellinga i 1801 sju familier på eller ved øvre Smestad og seks familier på eller ved Smestad nedre.

Det var på øvre Smestad.

1. familie: 1. Erik Tordsen, husbonden, 26 år, 2. Kristen Tordsen, tenestekar, 18 år, 3. Engebret Alfsen tenestegut, 11 år, 4. Marit Eriksdr., tenestekvinne, 28 år 5. Inger Halvorsdr., tenestekvinne, 18 år, 6. Mari Tordsdr., tenestekvinne, 12 år,
2. fam.: 1. Tord Eriksen, føderådsmann, 65 år, 2. Berthe Eriksdr., kona hans, 52 år,
3. fam.: 1. Ole Kristensen, innerst utan jord, tømmermann, 42 år, 2. Marit Nilsdr., kona hans, 39 år,
4. fam: 1. Tord Eriksen (Smestadhaugen), husmann med jord, 55 år, 2. Kari Torgersdr., kona hans, 55 år, 3. Erik Toresen, son deres, 19 år, 4. Malene Eriksdr., tenestekvinne, 21 år,
5. fam: Hans Mikkelsen, husmann med jord, hattemaker, 59 år, 2. Kari Johansdr., kona hans, 72 år, 3. Mari Pedersdr., enke etter 1. ekteskap, 62 år,
6. fam: Halvor Hansen, husmann med jord, 52 år, 2. Anna Olsdr, kona hans, 57 år,
7. fam.: Lars Kristensen, gardsarbeider utan jord, 33 år, 2. Åsta Pedersdr., kona hans 32 år, 3- Marit Larsdr.. 2 år.

Dei 6 familiene på nedre Smestad var i same tid:

1. Familie: Iver Kristensen, husbonden, lensmann i Fåberg, 46 år, 2. Sigrid Nilsdtr., kona hans, 39 år, 3. Nils Iversen, son deres, 14 år, 4. Kristian Iversen, 4 år, 5. Simen Iversen, 2 år, Christiana, dotter, deres 18 år, 7. Agnete Iversdtr., 16 år, 8. Berte Iversdtr., 11 år, 9. Kristine Iversdtr., 9 år, 10. Karen Iversdtr. 6 år, 11. Peder Pedersen, tenestekar, 28 år, 12. Lars Kristensen, 18 år, 13. Ole Olsen, tenestekar, 42 år, 14. Eli Nilsdtr., tenestekvinne, 33 år, 15. Kari Pedersdtr., tenestekvinne, 20 år, 16. Marit Olsdtr., teneste kvinne, 21 år, 17. Inga Erikdtr., tenestekvinne, 30 år, 18. Nils Kristensen, far til kona, føderådsmann, 75 år., 19. Ole Larsen, vaktmester ved dragonene, 57 år. 20. Nils Engebretsen, legdmann, 84 år.
2. familie: 1. Engebret Madsen, husmann med jord, skomaker, 43 år, 2. Kona hans, 36 år, 3. Mari Engebretsdtr., dotter deres, 9 år. 4. Ole Engebretsen, son deres, 7 år, 5. Peder Engebretsen, 5 år, 6. Morten Engebretsen 1 år.
3. Fam.: Lars Kristensen, husmann med jord , 68år, 2. Sigrid Jonsdtr., kona hans 58 år, 3. Jon Larsen, son deres, 18 år.
4. fam.: 1. Peder Halvorsen, husmann med jord, soldat, 31 år, 2. Ingebor Johansdtr., kona hans, 51 år.
5. Fam.: 1. Anne Jonasdtr. husmor, bruker jord, 50 år, 2. Johanne Larsdtr., dotter hennes, 9 år.
6. fam.: 1. Ole Kristense, husmann med jord, dragon, 36 år, 2. Marta Olsdtr., kona hans, 32 år. 3. Berte Olsdtr., dotter deres, 6 år, 4. Kristence Olsdtr., 3 år.

I 1809 fekk Nils Iversen Fliflet skjøte av far sin lensmann Iver Fliflet på grd. Smestad med ¼ part i Korsmesskostens fiskeri for 900 rd. To år seinær tik han og over lensmannsombodet etter far sin og var lensmann i Fåberg til i 1848. Ved eit makeskifte mellom Nils Fliflet og Erik Smestad i 1812 vart baa plassane Ekrem med påståande hus overført til øvre Smestad, desutan og plassen Knutrud. Mot dette fekk nedre Smestad tildelt Furujordet, husmannsplassen Surbentrud, Hesjasvea og Furujordsåkeren. Av Asbjørn Skårset bytte Lensmannen samtidig til seg Skårsetøgarden med ein del av Kurud, deriblant 21 mål åker. Som faren var lensmann Nils Fliflet også ein interessert gardbrukar og eksperimenterte m. a. med isåning av timotei og raukløver og utplanting av kålrot på åker. I hans tid vart sameieskogen i Ål skifta mellom nordre og søre Ål, og sæterskogen i nodre Ål vart utskifta. I tida frå 180 til 1848 vart dei årlege vår- og haustting som regel helde på Nedre Smestad. Som førebuande arbeid for ein ny matrikkel kom i 1819 eit lokalt matr.framlegg med fleire og nyare opplysningar om Fåberggardane. Om Smestad er det der opplyst at påøve Smestad var i denne tid buskapen ab store husdyr 6 hestar og 24 sstorfe, og den årlege kornavlinga var ca. 90 tdr. På nedre Smestad var dei tilsvarende tal: 6 hestar og 28 storfe, og 108 tdr. korn. Det er vidare fortalt at baa gardane da hadde 5 husmannsplasser. Vedmatrikkelrevisjonen i 1838 vart "Korsmæsskosten" og Renaa fiskeri framleis skyldsette for seg. Ein legg merke til at det på dei to gardane var da framleis lensmann Nils Fliflet på nedre Smestad, men på øvre garden hadde Tord Eriksen Smestad da tatt over som eigar og brukar.

Tord Eriksen Smestad d. y. født 1806 var sonesons soneson til Tord Smestad d. e., født 1663, og vi skal her ta litt med om ætta på øvre Smestad i desse 4 ætteledene:

Tord Eriksen som var født 1663 og var frå Stræte, vart gift med Birgitte (Beret) Olsdtr. (Kurud). Dei hadde i ekteskapet sitt sonen Erik Tordsen som var født 1707 og var gift to gonger, først med Sessel Henningsdtr. Skog og så med Goro Iversdtr. Ersgård. Han hadde i 1. ekteskapet sonen Bernt, døypt 7/4 1734 og sonen Tord døypt 23/9 1736 og i 2. ekteskapet i alt 5 barn. Det var 1. Sessel dpt. 11/10 1739, død 23/4 1741. 2. Iver, dpt. 23/12 1742, 3. Tore dpt. 12/12 1745, 4. Sessel dpt. 31/12 1754 og Inger dpt. 7/4 1750. Av desse vart Tord Eriksen Smestad f. 1736 gift med Berte Bjørnsgård, Iver Eriksen f. 1742 vart gift med Sessel Kristensdtr. Langset, Tore med Kari Torgersdtr. Rindal og Inger vart gift med Fred. Fr. Sundgården.

Tord Smestad f. 1736 og Berte f. Bjørnsgård hadde i ekteskapet sitt 6 barn. Det var: a. Sessel f. 1772, b. Erik f. 1775, c. Mari f. 1778, død 1779, d. Kristen f. 1781 død 1781, e. Kristen f. 1782 og g. Mari f. 1789. Av desse vart Erik Torsen f. 1775 gift med Marit Syversdtr. Balberg, Kristen f. 1782 vart gift med Maren Syversdtr. Balberg, og Mari Tordsdtr, f. 1789 vart gift med Halvor Hågensen Lunde.

Erik Smestad f. 1775 og Marit f. Balberg hadde 4 barn. Det var: Tord f. 1804, 2. Ole f. 1814, 3. Arne f. 1819 og Berte f. 1823. Av desse vart Tord Eriksen gift med Berte Olsdtr. Sundgården, og Berte Tordsdtr. Smestad vart gift med Jens Olsen søre Flygstad. Av barna til Tord Smestad f. 1804 og Berte F. Sundgården nemner vi her Elise, Erik og Ole.

Som enda eit førebuande arbeid for den nye matrikkelen kom i 1865 eit forslag til ny skylddeling med fleire opplysningar om gardane. Om Smestad er det m. a. opplyst at det samla jordbruksarealet av åker, eng og sæterlykkjer på øvre Smestad i den tid var 353 mål, og av dette vart 159 mål oppgitt til å vera jord av 1. klasse. For nedre Smestad var dei tilsvarande tal 544 mål og 203 mål. Av andre kjelder går det fram at husdyrhaldet på Smestad nedre da var 6 hestar, 26 storfe og 28 småfe og dessutan på plassane under gaden 8 storfe og 8 småfe. Same året, altså i 1865, var den samla utsæden av korn på Smestad nedre og plassane der 22 tdr. og utsæden av poteter tilsm. 54 tdr. På øvre Smestad med plassar var dei tilsvarande tal 23 tdr. og 25 tdr. Ingen annan gard i Fåberg hadde i dedn tid så stor utsæd av poteter som det var på nedre Smestad. Nærast kom Søgarden Jørstad med 49 tdr. og Prestegarden med 45 tdr.

Kring 20 år seinare kom så i 1886 den lenge førebudde nye matrikkelen. I og med den fekk gardane tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld.

Smestad fekk da gardsnr, 41 med ei samla skyld på 49,56 mark, som alt da fordelte seg på 5 bruksnr. Dei 5 bruksnr. var: 1. Gardsnr. 41, bruksnr. 1. Smestad nedre av skyld 26,18 mark, der prokurator Simen Jørstad da var eigar og brukar. 2. br.nr. 2 og 3 Kurud øvre og nedre av samle skyld 1,07 mark og med lærer Peder Johnsen som brukar, 3. gardsnr. 41, bruksnr. 4 Smestad øvre av skyld 22, 19 mark, med Erik Torsen Smestad som eigar og brukar, og 4. br.nr. 5 Ødegården av skyld 0,12 mark, som Nils Pedersen Skårset hadde.

Etter revidert matrikkel av 1904 var det da vorte 9 bruksnr. under Smestad, Br.nr. 6 Smedstad (skolejord) av skyld 0,06 mark var da innkjøpt av Fåberg kommune, br.nr. 7 Vangen av skyld 0,02 mark var kjøpt av Cand. Stefan Frich, br.nr. 8 Knutrud av skyld 1.30 marl var selt til Kristian Simensen, og br.nr. 9 Stensrud av skyld 0,02 mark var selt til Johs. Johannessen. Elles hadde det og skjedd dei skifte at Fingar og Ivar Jørstad hadde overtatt br.nr. 1 Smestad nedre, og Johan P. E. Lindholms enke hadde br.nr. 2 og 3 Kurud øvre og nedre.

Etter kommunalt manntal frå 1907 var da Iver S. Jørstad framleis brukar på nedre Smestad, og Erik T. Smestad var brukar på øvre garden. Stefan Frich, som da var 63 år, var da herredskasserar i Fåberg og bodde som før i huset sitt på Vangen. Her på Vangen bodde i den tid også læreinne Dorte Smerud og pensjonert prest Christian Stoltz med frue, Gjertrud Stoltz. På nedre Smestad var det i denne tid enda 4 husmenn: Husmann Arne Olsen brukte og bodde på Moen, Peter Jonasen brukte og bodde på Ekrum, gamle Petter Olsen hadde framleis Haugen, og Matias Kurud brukte og bodde der. Dessutan bodde i denne tid Sagmester Knut Sjøby og skomakar Tore Nilsen ved Smestad nedre. På øvre Smestad var husbondsfolket, Erik og Marie baa da 63 år. Sonen Tord E. Smestad var 34 år og Ole T. Smestad var 68 år og er i manntalet kalla arbeidar. Husmannsfolket Hans og Karen brukte og bodde i Rønningen, og Jens Larsen var husmann og brukte og bodde i Ekrom. Ved øvre Smestad bodde og skreddar Kristian S. Bjørklund og tømmermann Andreas Pedersen. Kristian S. Knutrud er da kalla gardbrukar og bodde der.

Frå denne tid vart det etter kvart sterk tilvekst i folketalet, og det var stadig spurnad etter villatomter med jord til hage eller større parsellar. – I 1909 kjøpte Berte Fliflet gr.nr. 41, br. nr. 14 Heimly av skyld 0,13 mark, og same året kjøpte Johannes Kurud br.nr. 15 Rud av skyld 0,05 mark.

Dette, altså i 1910, var det brukarskifte på baa Smestadgardane. På øvre garden tok sonen Einar E. Smestad over etter faren Erik Tordsen, og på nedre garden tok enkefru Mathilde Jørstad over som brukar. Av bruksnummmmer som nå etter kvart vart unnasselt Smestad nemner vi desse: I 1911 kjøpte Johannes Stensrud gr.nr. 41, br.nr. 16 By av skyld 0,38 mark, i 1916 kjøpte Hans Hansen br.nr. 18 Østeng av skyld 0,23 mark, og så og seia samtidig kjøpte Sivert Svendsen br-nr- 19 Nylund av skyld 0,10 mark. Ved desse tider kjøpte og Arne E. Smestad br.nr. 20 Bøe av skyld 0,30 mark, og Andreas Jørgensen kjøpte br.nr. 21 Sandmoen av skyld 0,95 mark. Visstnok i 1918 vart bruket Østerhaug av skyld 0,07 mark selt til Sigurd Simensen. På br.nr. 1 Nedre Smestad var det dessutan i 1926 brukerskifte på sjølve hovedbruket. Fru Mathilde Jørstad overlet da garden til sonen Sigmund F. Jørstad. I 1934 var det vorte 48 bruksnr. under gardsnr. 41 Smestad. Av desse åtte Martin Johansen br.nr. 29 Skogvang av skyld 0,05 mark, Åls Ungdomslag hadde kjøpt Fagaberg av skyld 0,04 mark og Arne Smestad br.nr. 47 Arnegård av skyld 0,15 mark. I 1938 var det blitt 54 bruksnr. under gardsnr. 41 Smestad.

Etter jordregisteret av 1939 låg likevel det aller meste av jorda på Smestad framleis under 10 større eller mindre gardsbruk. Storleiken på bruka går fram av det oppgitte jordbrukeareal av hage og åker, eng og kulturbeite. Bruk med mindre jordbruksareal enn 10 mål (da) blir ikkje rekna som gardsbruk. Dei 10 gardsbruk under gr.nr. Smestad var i 1939: Gr.nr. 41, br.nr. 1 Nedre Smestad med eit oppgitt jordbruksareal på ca. 270 mål, der Sigmund Jørstad framleis var eigar og brukar. Bruksnr. 2 var Kurud med eit bruksareal på ca. 15 mål, og som Hanna Lindholm da var eigar av. Bruksnr. 4 var Smestad øvre med eit bruksareal på ca. 210 mål og med Einar Smestad framleis som eigar og brukar. På br.nr. 8 Knutrud med Kristian Knutrud som eigar og brukar var det oppgitte bruksareal ca. 35 mål, og nærpå same bruksareal var det og på br.nr. 20 Bø, fru Eline Holmsen da var eigar. Noko mindre var br.nr. 16 By med Ludv. Olsen Bye eigar og brukar, og br.nr. 8 Østeng med bruksareal på ca. 12 mål. Bruksarealet på Sannom br.nr. 21 med Jørgen Borgen som oppsitter var i den tid ca. 35 mål, og nærpå same areal var det og hos Petter Ekrum på br.nr. 45. Br.nr. 55 Rønningen med eit bruksareal på ca. 15 mål og ei skyld på 0,80 mark var da nettopp overtatt av Kristine og Sigrid Rønningen.

Etter oppgaver frå 1952 var det oppgitte areal av produktiv skog i den tid ca. 2500 mål på Nedre Smestad og ca. 2000 mål på Smestad øvre.